

*Velkommen til opning av sommarutstillinga på Obrestad fyr sundag 30. mai kl. 14.00*

## **Per Platou JONNY WINKLERS KANON**



Sommarens utstillingsprosjekt tek utgangspunkt i krigsåra på Obrestad fyr. Kunstnaren Per Platou har teke fatt i hendingar som føregjekk våren og sommaren 1942 ved fyret. Platou (1964) er kunstnar, musikar og kurator. Han er også koordinator for PNEK (Produksjonsnettverk for elektronisk kunst).

Under andre verdskrig tok tyskarane fyret i bruk som eit av sine forsvarsanlegg. På det meste var det 120 mann stasjonert her. Dei hadde eit lite samfunn og prøvde å leva så vanleg som mogleg. Det var ingen reelle kringshandlingar ved Obrestad og det er difor ikkje "krigens estetikk" Platou legg vekt på. Kunstnaren har laga eit ope narrativ bygga inn i eit rom som soldatane nytta til arbeid og fritid. Kva slag forhold var det mellom mennene? Lydane i det nakne, sparsamt møblerde kjellarrommet på fyret, set ramma rundt moglege hendingar blant soldatane. Her er ikkje krigen rundt omkrig i verda viktig, men kva som skjedde mellom somme soldatar på ein aude stad langs *Festung Norwegen*.

Platou nyttar ofte det han kallar cinematisk lyd. Dette er ein måte å arbeide med lyd på som minner om slik lyden blir nytta i film og teater. Lyden skal ikkje forsterka eller kommentera det ein ser, men snarare vera ein kontrast. Få tankane vidare frå det auge ser, og blanda det med det øyrene hører. Kunstnaren er oppteken av dei motsettingane og spenningane det er mellom det som ein ser skjer og det ein kan tenkje seg til.

I 2009 deltok Per Platou ([www.perplatou.net](http://www.perplatou.net)) på utstillinga *Guttestrekar?* på Hå gamle prestegard. Utstillingsrekka med lydbaserte arbeider vil varta fullført med separatutstilling på Hå gamle prestegard i 2011.

Utstillinga *Jonny Winklers kanon* står ut september 2010.